

# Velkommen til markering av første spadetak for gang- og sykkelløysing langs Hatvikvegen

**Torsdag 14. mars kl. 14-15 blir det markering av første spadetak for Miljøløftet-prosjektet langs fv. 552 Hatvikvegen i Bjørnafjorden kommune.**

Fylkesordfører Jon Askeland og ordfører i Bjørnafjorden kommune, Terje Søviknes vil vere med å markere første spadetak på gang- og sykkelløysinga og feire byggestarten for det største Miljøløftet-prosjektet i Bjørnafjorden til no.

## Tryggare for gåande og syklende

Gjennom prosjektet skal ein etablere ei trafikksikker gang- og sykkelløysing langs Hatvikvegen.

Bebuarane langs Hatvikvegen (Bjånes og Bø og Midtbø) har i dag ingen fortau eller gang- og sykkelveg mellom heim og skule/barnehage eller heim og jobb på Osøyro. Det er ikkje mogleg å gå eller sykle til næraste busstopp utan å bevege seg i kørefeltet for bilane på Hatvikvegen.

Etablering av ei trygg løysing for gåande og syklende vil redusere dagens kortdistansetransport med personbil og leggje til rette for at bebuarar kan velje sykkel, gange og kollektivtransport framfor bil.

## Viktig tiltak for nye bueningar

Eit sentralt føremål med prosjektet er at trafikksikker gang- og sykkelløysing er naudsynt for å kunne starte utbygging på Bjåneshalvøya, som er regulert med eit potensiale for 1000-1500 nye bueningar.

Prosjektet har ein kostnad på rundt 172 mill. 2024-kroner, og er finansiert gjennom Miljøløftet. Tiltaket blir realisert med statlege midlar. Vestland fylkeskommune er byggherre for prosjektet, medan Bertelsen & Garpestad er entrepenør.

## Program for markering av byggestart:

- |               |  |
|---------------|--|
| 14.00 - 14.10 | Velkommen ved Vestland fylkeskommune. Gunhild Vangsnes, seksjonsleiar planlegging og utbygging |
| 14.10 - 14.20 | Ordfører Bjørnafjorden Kommune, Terje Søviknes   |
| 14.20-14.35   | Fylkesordfører Jon Askeland set spaden i jorda   |

14.35-15.00 Servering av kaffi og bollar

Stad: Riggområde ved Hatvikvegen 64.

Velkommen!

### Kontaktpersonar

**Kjell Hagesæther**

*Utbyggingssjef Bergen, Vestland fylkeskommune*

[kjell.hageseter@vlfk.no](mailto:kjell.hageseter@vlfk.no)

Telefon: 97675165

**Marius Navarsete Lydvo**

*Prosjektleiar, Vestland fylkeskommune*

[marius.navarsete.lydvo@vlfk.no](mailto:marius.navarsete.lydvo@vlfk.no)

Telefon: 95706862

**Eivind Thane**

*Byggeleiar, Vestland fylkeskommune*

[eivind.thane@vlfk.no](mailto:eivind.thane@vlfk.no)

Telefon: 92818046

**Anders Kjetland**

*Kommunikasjonsrådgjevar, Miljøloftets sekretariat*

[anders.kjetland@vegvesen.no](mailto:anders.kjetland@vegvesen.no)

Telefon: 95706862